



Varaldsøy kyrkje er den største kyrkje i Kvinnherad. (Foto: Hans Ordin Østebø)

Det populære koret "Røysterett for alle" satsar friskt i eit nytt år, leia av den nye dirigenten sin, Maria Malmsten. Sundag kveld deltek koret i julekonsert i Varaldsøy kyrkje, saman med Kvinnherad trekkspelklubb og Sussi Bodin.

Koret song for øybuane også under julekonserten for to år sidan og fekk ei svært god mottaking. Også denne gongen står naturleg nok juletonar på programmet, men det blir også noko anna å gle seg til!

Trekkspelklubben leia av uskedelingen Nils Nåsen spelar i denne kyrkje for første gong og det blir nok ei spesiell oppleving for Halvor Tveit, som kjem nettopp frå Varaldsøy.

Sussi Bodin er frå Danmark, men har norsk far. Ho har no budd nokre år i Øyarhamn og har sunge i kyrkje på øya ein del gonger før.

Ein konsert i Varaldsøy-kyrkja er ei spesiell oppleving, for dette er faktisk den største kyrkje i Kvinnherad kommune. Den har 400 sitteplassar og det har samanheng med den store gruvedrifta på 1800-talet. Frå 1865 til 1888 vart det skipa ut 165.000 tonn svovelkis frå gruvene og i gruvelandsbyen på Volaheiane budde det 80 menneskje. I dag bur det rundt 300 på øya.

Den nye kyrkje, ei langkyrkje av tre, vart bygt i 1885 og grundig restaurert i 1970. Orgelet vart bygt i 1852, men det kom til Varaldsøykyrkja frå Holmen kyrkje i Sigdal.

Varaldsøykyrkja inneheld fleire gjenstandar frå den gamle kyrkje. på øya, til dømes lysekrone frå 1764 og bibel frå 1769. Altertavla viser Jesu oppstandelse og vart måla av Lars Osa i 1885.

Ein viktig post på programmet for "Røysterett for alle" blir seminar i Skånevik 20. og 21. januar og 25. januar blir det halde årsmøte i Herøysund, i samband med øving..

Konsert i Husnes kyrkje den 11. februar er neste oppgåva for koret. Denne konserten inngår i kulturfestivalen og Uskedalskoret syng her saman med Husnes blandakor.

Av Ola Matti Mathisen



Her syng "Røysterett for alle" i kulturhuset på Husnes sist haust. Sondag syng koret i Varaldsøy-kyrkja. (Foto: Ola Matti Mathisen)